

torsdag

BUNNLINJA

Tid: 20.00
 Stad: Talgø gammelfabrikk, Todalen
 Inngang: 250,-

fredag

OPNINGSKONSERT I PRESTEGARDSSTUA

Tid: 18.30
 Stad: Stangvik prestegård
 Inngang: 200,-

KUNSTUTSTILLING TEGN & TRE

Tid: 20.30
 Stad: 1. etg. Bondehuset, Stangvik
 Inngang: Gratis

KOMMENTARFELTET

Tid: 22.00
 Stad: Bondehuset
 Inngang: 250,-

lørdag

TANKELABORATORIET

Tid: 12.00
 Stad: Bondehuset
 Inngang: 100,-(barn)/150,-(vaksen)/300,-(fam)

LUFTFORSVARETS MUSIKKORPS I KYRKJA

Tid: 14.00
 Stad: Stangvik kyrkje
 Inngang: 200,-

DEN TRADISJONELLE FISKESUPPA

Tid: 15.30
 Stad: Bondehuset
 Pris: 130,- per kuvert

MUSIKA MOBILE

Tid: 18.00
 Stad: Svisholmen
 Inngang: 100,-(barn)/150,-(vaksen)/300,-(fam)

LAURDAGSKVELD I BONDEHUSET

Tid: 21.00
 Stad: Bondehuset
 Inngang: 250,-

søndag

ØNSKEKONSERTEN

Tid: 12.00
 Stad: Bondehuset
 Inngang: 200,-

FOTBALLTURNERINGA

Tid: 15.00
 Stad: Svisholmen
 Inngang: 0,-

STANGVIK-
FESTIVALEN

28. juli - 31. juli 2016



VELKOMMEN TIL STANGVIKFESTIVALEN '16

No er det endeleg festival igjen. Som vanleg i fantastiske rammer.

Sola er bestilt og maten er klar. Her er kvalitetsråvarer frakta kun eit titals meter frå fjorden og opp i grytene.

Kunstutstillinga nede i bondehuset er laga av Stangvikvenene Runi Langum og Hans Martin Øien. Her er det teikningar og skulptur. Runi vil kommentere konsertar og andre hendingar gjennom festivalen med sine teikningar, så det blir i høgste grad samtidskunst.

Av andre godbitar i år er Musika Mobile. Vår eigen hoffkomponist Trygve har saman med Cirka teater laga eit spektakulært teater. Med Luftforsvarets musikkorps med på laget og den fantastiske spelande mekaniske busen blir det eit show som alle må sjå på Svisholmen laurdag.

Bunnlinja og Kommentarfeltet er også to produksjonar Trygve og Marianne Meløy har laga. Vi gler oss.

Men vi har ikkje berre ein festivalkomponist. Karin Rehnquist er ein av Sveriges fremste komponistar. Ho har skrivne eit tingingsverk til Alpaca Ensemble. Det og andre verk av henne vil bli presentert i løpet av helga.

Festivalen har og investert i flygel. I eit spleiselag med sponsorar, Vårsøghelga og Kulturskulen på Indre Nordmøre kan vi invitere til flygelkonsert på ønskekonserten søndag, og det vil løfte dei andre konsertane i bondehuset også.

Eg vil på vegne av styret takke for den store dugnaden som må til for å få festivalen på plass. Vi klarer fortsatt å gjennomføre dette løftet kun med frivillig innsats. Med så mange positive bidragsytarar blir det kvalitet. Dette er vi også glade for å få bekrefte gjennom støtte frå Norsk Kulturråd og Møre og Romsdal fylkeskommune. Saman med dei andre trufaste sponsorane våre har vi fått nok støtte til å lage ei magisk veke i Stangvik i år også.

Torbjørn Larsen, Styreleiaren



Æ VIL IKKJE BLI NY, Æ VIL BLI GAMMEL

Seier Marianne Meløy i forestillinga Bunnlinja som vi får høyre i Todalen torsdag. Og dette er kanskje Stangvikfestivalen; Vi vil halde på slik vi er: Små og snål og modig - utan altfor mykje omsyn til kva som er i tida, og utan altfor stort behov for å vokse oss store.

Æ skriv det æ vil. Æ skriv som æ vill! seier rollefiguren Tim Arthur i Kommentarfeltet i Bondehuset fredag kveld. Og det er kanskje dette som er Stangvikfestivalen: Vi vil ytre oss utan omsyn til gangs skikk, med kunst som vi har lyst til å vise fram.

Likt planeter rör sig också musikerna i olika banor. De byter plats och läge, ljuder från olika delar av rummet. Som i en lek.

Karin Rehnqvist om sitt verk In Orbit - a moving quartet som vi får servert av Alpaca Ensemble under Laurdagskveld i Bondehuset. Og dette må vel vel være Stangvikfestivalen!? Musikarar, kunstnarar og ikkje minst komitemedlemmar og frivillige som spring rundt og byter plass i ulike, forvirra baner. Forhåpentleg som i ein leik.

Something lies beyond the scene, the encre de chine marine obscene. Horizon in hell. Black as a bison. See the tall black Aga on the sofa in the alga mope, his Bell-rope Mustache (clear as a great bell!)

Skriv Edith Sitwell i eit av dikta frå Façade som vi får høyre frå Mira Dyrnes Askelund og Trondheim Sinfonietta på same laurdagskveld. Og dette er vel Stangvikfestvalen? Tilsynelatande berre nonsens, men sikkert med ei djupare mening?

Et land uten kultur er intet å forsvare!

Slagordet til Luftforsvarets Musikkorps. I lett omskriving seier Stangvikfestvalen: Ei bygd utan kultur er ikkje noko bygd!

This! is! Music! brølar Moldon i Cirka Teater sitt Musika Mobile. Han får fram tonar frå Luftforsvarets musikkorps og ein magisk buss som mange vil kalle støy. Og det er kanskje dette som er Stangvikfestivalen: Framvise kunst som mange ved første øyredrag vil kalle "berre toill".

O wie schön, wenn Liebe sich zu der Liebe findet!

Dette syng vi søndag på Ønskekonserten i Brahms sine Liebeslieder-valsar, og det må i alle fall være Stangvikfestivalen!! Vi finn fram til kjærleiken denne helga: Kjærleiken til musikken, til kunsten, til maten og drikken - ja og kanskje...

God festival!

Trygve, Kunstnarisk leiar

Takk til våre gode samarbeids-partnerar, utan dei ingen festival!

Hovedsponsoren vår;
Surnadal Sparebank,

Samarbeidspartnerne våre;
Gjensidige Surnadal, Amfi, Svorka,
Talgø, Skogkompaniet, og Driva.



Torsdag 28. juli

BUNNLINJA

Tid: 20.00
Stad: Talgø gammelfabrikk, Todalen
Inngang: 250,-

Med Marianne Meløy og Trygve Brøske

For to år sidan fekk vi oppleve dei i publikumssuksessen «Stemt». I år er Brøløy-duoen tilbake med nok ei toppforestilling som har solgt ut alle hus på Trøndelag Teater etter premiera i april i vår. For kor ligg bunnlinja? Har alle kvar si? Vi blir med Marianne på ein rundtur på Meløya der ho tek vårreingjering i sin eigen skolt. Kanskje finn vi svar, alle saman?

Fredag 29. juli

OPNINGSKONSERT I PRESTEGARDSSTUA

Tid: 18.30
Stad: Stangvik prestegard
Inngang: 200,-

I skrivande stund veit vi i programkomiteen like mykje om kveldens repertoar som du i publikum gjer. Men vi kan love at du får eit tett møte med årets aktørar, med stor spennvidde med alt frå sjarmerande melodiar til bråk sett i system. Du har heilt sikkert ikkje høyrte all musikken før, men noko vil du nok dra kjensel på. Her blir det ofte trongt om plassen, men om ein blir sittande utanfor lokalet, er konserten minst like vakker med fuglesong som ekstra akkompagnement. - La sjela flyt' og nyt!

Offisiell opning av festivalen ved stortingspolitikar Else-May Botten

KUNSTUTSTILLING TEGN & TRE

Tid: 20.30
Stad: 1. etg. Bondehuset, Stangvik
Inngang: Gratis

Runi Langum viser teikningar på lerret og grafikk. Hennar billedverden handlar mykje om streken si betydning. Teikningane blir oppbygd av mange lag med strek og pigment. Rommet blir stort og språket blir universelt. Ideen er mennesket i relasjon til, og som ein del av, naturen - altet. Og at alt bevegar seg. Derfor er dans og musikk ei viktig inspirasjonskjelde til verka hennar. Runi vil også "live-teikne" under fleire av festivalen sine konsertar og nokre resultat blir vist fram under Ønskekonserten søndag.

Hans Martin Øien er ein tredimensjonal kunstnar. Oppfattinga hans av rom og karakter er gjennomgripande i uttrykket. Materialbruken spenner seg frå tre til plast via metall - alt som kan formast. Han leiker med form og struktur, flettar inn poetiske budskap og har alltid ein mangefasettert beskjed i arbeida sine.

Utstillinga blir offisielt opna av fylkeskultursjef Heidi-Iren Wedlog Olsen.

Fredag 29. juli

KOMMENTARFELTET

Tid: 22.00
Stad: Bondehuset
Inngang: 250,-

Meiningar og opera i usensurert foreining

Vegstandard, flyktningemottak, sjukehusplassering, vulgær trønderkultur, kunstgrasbane, idiotiske journalistar. -Nei, no må nokon seie frå!

Dette skriv Henrik Wergeland i sitt berømte lesarinnlegg til Morgenbladet i 1841:

"Nei, frisk I Journalister! I hvæsser eders Rævekløer kun paa Klippen.

I rive kun Blomster løs og lidt Mos til en blød Grav."

I første avdeling, "**Lesarinnlegg til alle tider**", feirar vi ytringsfriheita med eit opent øyre.

Vi blir med Marianne Meløy, Mira Dyrnes Askelund og festivalmusikarane når dei belyser ytringane til dei som tør gripe pennen sin og meine noko anna enn mange andre.

Her blir det høglydte ytringar både musikalsk og verbalt. Ikkje noko for stort, ikkje noko for lite. Vi får høyre det mildt sagt slåande verket "Cheating, Lying, Stealing" av David Lang og musikalske kommentarar i "Homage à L'Histoire" av David Baker.

Nytt i vår tid er at i halen av lesarinnlegget finst det no eit kommentarfelt vi alle kan delta i. Etter pause får vi kammeroperaen **Kommentarfeltet** med tekst av Marianne Meløy og musikk av Trygve Brøske. Denne operaen gikk for fulle hus på Trøndelag Teater hausten 2015, og Financial Times ytra seg: "Even if this is not the first opera to send up Instagram and Facebook, it must be the best. More, please!"

"Æ skriv det æ vil!", seier rollefiguren Tim Arthur. Blant anna. Og slikt blir det underhaldning av. Sjåast der, så kan vi meine noko om alt etterpå?

Hashtag offline!

Sjekk <http://sprudlemamma.blogg.no>, og bli gjerne venn med Tim Arthur på Facebook.

Vi møter våre solistar **Isa Katharina Gericke, Maija Skille, Torstein Fosmo** og **Andreas Elvenes** saman med songarar frå Institutt for Musikk, NTNU og Trondheim Sinfonietta.

Trondheim Sinfonietta er eit kammerensemble med samtidsmusikk som spesialfelt. Musikarane blir henta frå det profesjonelle musikkmiljøet i Trondheim, og ensemblet fungerer som ein kreativ møteplass for musikarar frå Trondheim Symfoniorkester, Luftforsvarets musikkorps, og freelancemiljøet. Sinfoniettaen starta si verksemd i 1998.

Laurdag 30. juli

TANKELABORATORIET

Tid: 12.00
Stad: Bondehuset
Inngang: 100,-(barn)/150,-(vaksen)/300,-(fam)

Barneforestilling med Cirka teater

Vi møter Reddharen, Sinnataggen, Firkanten og Hermegåsa. Alle ønsker å bli forstått, men opplever det motsatte. I Tankelaboratoriet leiter vi etter vegen ut av misforståingane gjennom ei historisk og sårbar undersøkning av det å vera til. Ved hjelp av **Anne Marit Sæther** sin levande strek, **Gro Dahle** sine undrande songtekster og **Ragnhild Faanes** og **Erlend Smalås** sitt undersøkjande lydunivers forskar vi i eksistensielle og gjenkjennelege problemstillingar.

LUFTFORSVARETS MUSIKKORPS I KYRKJA

Tid: 14.00
Stad: Stangvik kyrkje
Inngang: 200,-

“Et land uten kultur er intet å forsvare!”

Nyleg vart Luftforsvarets musikkorps foreslått nedlagt av regjeringa. Som svar på dette inviterer vi til kyrkjekonsert med vårt einaste profesjonelle korps i regionen. På denne konserten har dei med seg **Torodd Wigum** som dirigent og festivalartistane **Isa Katharina Gericke** og **Maija Skille** som solistar. Det blir kyrkjemusikk, folketonar, cabaret, “Valdresmarsj” og smektande orkestermusikk. Vi får utdrag frå Edvard Griegs Haugtussa, både kjente og ukjente bitar, og tilogmed ein bit frå Tolvskillingsoperaen av Bertolt Brecht og Kurt Weill. Og kva med eit liten “Zagorsk” av vår eigen Henning Sommerro?

Luftforsvarets musikkorps har base i Trondheim, men turnerer over heile landet. Korpset har stor sjangerbredde, og held konsertar både for militært og sivilt publikum. Frå korpset vart oppretta i 1818 var det i over 100 år Trondheims einaste profesjonelle musikkensemble.

DEN TRADISJONELLE FISKESUPPA

Tid: 15.30
Stad: Bondehuset
Pris: 130,- per kuvert

Tradisjonen tru blir det servert fiskesuppe i Bondehuset også denne festivallaurdagen. Klassikaren frå mange år tidlegare blir berre betre med åra.

MUSIKA MOBILE

Tid: 18.00
Stad: Svisholmen
Inngang: 100,-(barn)/150,-(vaksen)/300,-(fam)

Spektakulært utendørsteater med Cirka teater og Luftforsvarets musikkorps

Scenografien er ein buss, og historia handlar om den omreisande sirkusdirektøren Moldon. Med seg har han si største stoltheit - Musika Mobile - ei gigantisk speledåse på hjul. Når denne musikkmaskina brasar inn i ein fredeleg korpskonsert, blir det storbråk.

Cirka teater (Den mest imponerende kulturinstitusjonen i Trondheim by! (red. anm.)) har produsert omlag 40 forestillingar sidan dei vart starta i 1984 av Anne Marit Sæther og Gilles Berger. Og det er desse to i lag med Monica Stendahl Rokne som framleis utgjer kjernen i Cirka teater. Dei samarbeider stadig med ulike kunstnarar og har utvikla sitt heilt egne teaterspråk som aldri sluttar å overraske, imponere og gripe oss.

LAURDAGSKVELD I BONDEHUSET

Tid: 21.00
Stad: Bondehuset
Inngang: 250,-

Alpaca Ensemble og Trondheim Sinfonietta med Mira Dyrnes Askelund og Andreas Elvenes

Ein laurdagskveld i Bondehuset under Stangvikfestivalen skal overraske og behage, opprive og tilfredsstillende, opplyse og underheldt. Mira, oppvaksen med Stangvikfestivalen, no sentral aktør, seier: “Syns det er noe fint med dualiteten i verket (Facades), og i henne (Edith Sitwell) og egentlig hele Stangvikfestivalen. Den evige balansegangen mellom tull og seriøsitet, lek og disiplin.”

I første halvdel av konserten får vi musikk av **Karin Rehnqvist**, ein av Sveriges mest sentrale komponistar. Hovudverket er ei uroppføring av verket In Orbit - a moving quartet, skrive til Alpaca Ensemble. Komponisten seier om verket:

“Likt planeter som rör sig i sin bana, så rör sig denna musik.

Den färdas genom rymder, där toner och melodier har mycket plats runt sig, tillåts klinga ut. Folkmusiken finns med som en grund i skalor, melodier och spelsätt.

Likt planeter rör sig också musikerna i olika banor. De byter plats och läge, ljuder från olika delar av rummet. Som i en lek. Liksom planeter tillhör ett system – ett solsystem – med egna lagar som håller allt på plast och i balans, så hör dessa toner, dessa rytmer, dessa musiker ihop i just denna musik.”

20-årsjubilant **Alpaca Ensemble** treng nok ingen nærare presentasjon for Stangvik-publikummet. Dei initierer store og små prosjekt innanfor sjangerbrytande samtidsmusikk,

Laurdag 30. juli

og utvikler eit repertoar på tvers av etablerte kunstformar. På denne konserten har dei med seg Rolf Borch på klarinettar.

Etter pause blir det absurd diktlesing over sirkusaktig musikk i verket *Façade - An Entertainment* av **William Walton** og **Edith Sitwell**.

Den eksentriske forfattaren og litteraturkritikaren Edith Sitwell vart med sin dramatiske stil og sine eksotiske kostyme ofte kalla ein posør, men ho vart samtidig rosa for sin solide og virtuose litterære teknikk.

Dikta som utgjer *Façade* blir ofte karakterisert som nonsens-poesi. Dei kan minne om nursery rhymes – barnrim og regler. Kanskje det finst eit skjult alvor, men hovudsaken er at publikum skal le og bli underhalde. Verket vart først framført heime hos Edith Sitwell i London rundt 1920. Forfattaren las dikta med megafon og komponisten dirigerte ensemblet.

I vår versjon er det **Mira Dyrnes Askelund** vi møter som Edith Sitwell, hjelpe av **Andreas**

Søndag 31. juli

ØNSKEKONSERTEN

Tid: 12.00
Stad: Bondehuset
Inngang: 200,-

På den tradisjonelle ønskekonserten feirar vi festivalen sitt nye flygel med å presse inn to pianistar på pianokrakken! Publikum får høyre utdrag frå Brahms' vakre og romantiske meistarverk Liebeslieder-Waltzer for fire førsteklasse songarar og eitt pianist-ektepar. Vi vil òg markere jubileet til den eksentriske og artige komponisten Erik Satie med "Manière de commencement" frå Tre stykke i pæreform. Vi får i tillegg herleg kammermusikk av Bohuslav Martinu med utdrag frå hans La revue de cuisine. Dette er eigentleg ballettmusikk, der dansarar forestillar forskjellige kjøkkenredskap. Kanskje byr dei eminente songarane våre på ei operasviske eller to òg?

I tillegg får vi sjå skisser av det Runi Langum har liveteikna i løpet av helga.

FOTBALLTURNERINGA

Tid: 15.00
Stad: Svisholmen
Inngang: 0,-

Det er vel neppe tilfeldig at EM og VM i fotball er plassert same åra som Stangvikfestivalen blir arrangert. I skrivande stund har Belgia akkurat fått juling av Wales, og Island er klar for kvartfinale mot Frankrike! Så uforutsigbart kan dette spelet være, og minst så uforutsigbar er fotballturneringa under Stangvikfestivalen. Klarer aktørane i det heile teke å stille lag i år? Eller er dei alle for gamle og skrale? Blir underholdningsverdien så låg at vi som publikum må trø litt ekstra til? Eller kan også fotballturneringa overraske og behage, opprive og tilfredsstillende, opplyse og underhalde. Nåja...

FESTIVALPASS

Inkluderer alle konsertane!

Pris kun kr 850,-

PS! Møt opp i god tid, ca 30 min før konsertstart for å få så god plass som muleg.

FESTIVALKAFEEN

Er open i helga og vil m.a. selge verdas beste fiskeburger, og serverer i tillegg både vått og tørt, med god kvalitet og spennvidde!



FESTIVALSTYRET

Torbjørn Larsen (leiar)
Trygve Brøske (kunstnarisk leiar)
Jo Inge Nes
Anne Polden
Sigrid Vetleseter Bøe
Jonny Melkild
Anne Ragnhild Nes
Brit Dyrnes
Einar Nes
Else Bø

KUNSTNARISK RÅD

Sigrid Vetleseter Bøe
Else Bø
Trygve Brøske
Torbjørn Larsen

AKTØRAR

Mira Dyrnes Askelund - skodespelar
Marianne Meløy - skodespelar, kåsør
Isa Katharina Gericke - song
Maija Skille - song
Torstein Fosmo - song
Andreas Kjerkol Elvenes - song
Marit Johanne Nielsen - song
May Kristin Hegvold Svanholm - song
Trygve Misvær - song
Endre Aaberge - song
Trine Knutsen - fløyte
Andrea Johansen - fløyte og saksofon
Rik de Geyter - klarinett
Rolf Borch - klarinett
Sarah Warner Viik - fagott
Hans Petter Stangnes - trompet
Ole Jørgen Melhus - trombone
Espen Aalberg - perkusjon
Trygve Brøske - piano
Else Bø - piano
Sigrid Elisabeth Stang - fiolin
Ellen Holmås - cello
Marianne Baudouin Lie - cello
Erlend Smalås - kontrabass, gitar, tuba, song
Torodd Wigum - dirigent

Runi Langum - kunstnar
Hans Martin Øien - kunstnar

Luftforsvarets musikkorps
Trondheim Sinfonietta
Alpaca Ensemble

Cirka teater:

Anne Marit Sæther, Gilles Berger, Elisabeth Piro Volan, Roar Kjølvs Jensen, Ole Jørgen Melhus, Erlend Smalås, Ragnhild Faanes

Festivalen er støtta av Norsk Kulturråd, Surnadal kommune, Møre og Romsdal fylkeskommune

SMÅBITTER HELSING FRÅ NABOLANDET

Det var med stor kjedsommelegheit eg takka ja til å jobbe to månader på ein rokokko-opera i Sverige i sommar i staden for å vera aktør på årets Stangvikfestival. For heilt sidan første gongen eg sjølv var publikum på festivalen har eg håpa å bli spurt om å få vera med, så du kan tenkje deg min entusiasme da Trygve ringte i fjorsommar og sa "Ja, hei du. Vil du varra med ti ta der Stangvikfestival-styret?" Eg trudde jo først at eg fekk spørsmål om å kun delta på sjølve festivalen, for det er jo slik han omtalar forskjellige ting. Som "styr". Eit vitalt minne frå timane mine med Trygve under konservatorietida er "Sigrid, du søng fær tamt! Lagga styr!". Men i denne telefonsamtalen låg det da tilogmed eit spørsmål om å vera med i festivalstyret. Og du verden, det har vore stas å få vera med å planlegge dette eventyret (det rima!). Det er berre synd eg sitt fast i ei glovarm loftsleilighet full av svolten mygg midt i Östergötland og ikkje kan delta når helga er komme og belønninga skal hentast ut.

Så eg håpar de heldige som er der nyter musikken, stemninga og folkemassen fullt ut - heile helga. Eg er med dykk i sjela, og innimellom på telefon eller Skype.

Ha så trevligt! Jag är med nästa gång, jag lovar!

Sigrid

Styremedlem og fan av festivalen

LESARINNLEGG

De vil legge ned korpset. Hæ?! Makan te galskap! Luftforsvarets Musikkorps er en av landets viktigste kulturformidlere. De er på jobb hver arbeidsdag og mere til (i uniformer!) for å blåse ut musikk til barnehager, skoler, eldrester, arbeidsfolk, kontorfolk og vanlig folk. Høy og lav. Store anledninger (og små) – de stiller alltid! Medlemmene dirigerer korps og kor, underviser og inspirerer unger og ungdommer, er forbilder for utrolig mange, stramt oppstilt og råproffe, overalt, uansett, samtidig!

I følge Bergen Høyre utgjør forsvarsmusikken 3 promille av forsvarsbudsjettet. Kjære regjering: Er det virkelig verdt å spare disse slantene? Galskap sier nå jeg!

Svanhild Nedre-Mellingen, kattevenn (og korpsentusiast)

SHIGERU KAWAII SK3

Vi vil takke Gjensidige Surnadal, Surnadal Sparebank og Svorka Energi for gode bidrag til innkjøp av flygel. Vi har kjøpt dette flotte konsertflygelet i lag med Vårsøghelga og Kulturskolen på Indre Nordmøre. Flygelet vart innvia under årets Vårsøghelg og vil bidra til å løfte konsertane i Bondehuset til nye høgder. Instrumentet står på Kulturskolen gjennom året og blir frakta ut til konsertsalane under festivalane.



Johansen Bakeri, 6600 Sunndalsøra

